



Arkiv nr:

Sak nr 34/21

Møtedato: 28.09.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## S672, Johmssyndin - Endring av stølsavgrønsing

Fjellstyret har motteke følgjande søknad frå Svenn Andre Sandaker om utviding av stølen for S672 på Johmssyndin:

### Forespørsel om endring av inngjerding rundt Seter

Hei 😊 vi ser oss nødt til og sette opp nytt gjerde til våren og i den sammenheng ønsker vi og utvide inngjerdingen da den ikke er svært stor pr. i dag, vi har et ønske om å utvide fra gjerdet som tilhører jordet på baksiden av setra og fram til utedo/uthus, samt gjerde fra utedo/uthus og fram til der grinda er pr i dag, samt ruste opp med ny inngjerding på resten også slik att ikke folk og dyr skader seg på dette.

Endring er å gjerde inn utedo/uthus, slik at det inngår i tunet på stølen – dette utgjør ca 200 m<sup>2</sup>.



Administrasjonen har avklara dette med Vestre Slidre kommune, som stadfester at jorda drives av stølsbrukar med slått og sal av for. Kommunen har ingen ytterlegare merknader til dette. Statskog har svara følgjande: Ingen merknader vedrørande endring av inngjerding.

Denne saka er ikkje lagt ut til offentlig ettersyn, då dette er ein såpass liten endring og at dette uansett ikkje ville vært aktuelt å søkje for nokon andre stølsbrukarar.

Dette styres av stølsforskriften § 20:

*Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan – anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar – få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord.*

Denne stølen er i drift, og det er ikkje vanskeleg å forstå grunngeving for å innlemme uthus/utedo inn i stølsutvisinga Det er uklart om dette skal nydyrkast, det må i så fall avklarast med kommunen i ettertid.

Området er undersøkt i tråd med naturmangfaldlova §§ 8-12.

§ 8 (kunnskapsgrunnlaget)

Området er vurdert opp mot naturbasen til DN, og dessutan artskart. Det er ikkje vist nokon registreringar i database som er rekna som sårbar eller trua i umiddelbar nærleik til det aktuelle arealet.

Ein ser på dei opphavlege kommunale registreringane som er supplerte med nyare registreringar på stølsjordar som godt nok avgjerdsgrunnlag.

§ 9 (føre-var-prinsippet) Vi meiner at § 9 er oppfylte. Den sentrale ordlyden om at: «Finst ein risiko for alvorleg eller irreversibel skada på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngeving for å utsetja eller la vere å treffa forvaltningstiltak» vurderer vi ikkje er aktuell i denne saka då det er klart at kunnskapen er god nok rundt naturverdiane av influensområdet til å seia at ein irreversibel skadde på naturmangfaldet ikkje vil skje som følgje av tiltaket.

§ 10 (økosystemtilnærming og samla belastning) Vi meiner at ordlyden om økosystemtilnærming får avgrensa bruk i denne saka.

§ 11 (kostnadene ved miljøforringelse skal berast av tiltakshavar) Ikkje aktuelt med ytterlegare registreringar eller nye tiltak.

§ 12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar) Ikkje aktuelt. Som ein konklusjon legg fjellstyret til grunn at det ikkje er viktige artar eller naturtypar som blir vesentleg skadelidande som eit resultat av denne saka.

Det er heller ikkje funne kulturminner innafor ynskja areal.

Det er i utgangspunktet søkt om inngjerding, men administrasjonen finn at det bør inngå i stølen, ikkje berre med eit gjerdeløyve frå Statskog. Derfor handsamast dette som ein søknad etter stølsforskriften § 20. Imidlertid bør dette tillegget ligge som ein del av stølen, og ikkje som eit adskilt tilleggsjorde med eige festenummer. Det vert difor presisert i vedtaket at arealet skal «samanføyast» med S672, og inngå som ein del av stølsutvisninga.

Administrasjonen rår fjellstyret til å utvide stølsjordet, og grunnjev dette med at plassering av tillegg uansett høyrer til tunet på stølen og er mindre aktuelt for andre å søkje på.

Det er bevisst synt til at utvisninga ikkje går nærare stølsvegen enn 1,5 meter. Dette for å sikre at det ikkje vert negative verknader for stølsvegen med tanke på grøfing/vegvedlikehald osv. Gjerdet skal ikkje setjast nærare vegen enn utvist areal.

#### **Framlegg til vedtak**

Med heimel i stølsforskriften § 20, viser Fjellstyret ut omsøkt tillegg (ca 200 m<sup>2</sup>) til S672. Utvisninga skjer som utviding av eksisterande stølsareal, og Statskog har samtykke til inngjerding av omsøkt areal.

#### **Vedtak**

Med heimel i stølsforskriften § 20, viser Fjellstyret ut omsøkt tillegg (ca 200 m<sup>2</sup>) til S672. Utvisninga skjer som utviding av eksisterande stølsareal, og Statskog har samtykke til inngjerding av omsøkt areal.

#### *Samrøystes vedteke*

#### *Generelle reglar om fjellstyrevedtaket:*

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.*

*Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.*

*I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 29.09.21

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Statskog  
Stølsbrukar  
Vestre Slidre kommune